

Årsmelding

for Aurland fjellstyre

2023



Aurland fjellstyre
Februar 2024

FØREORD

I denne årsmeldinga har me teke med det viktigaste av det som fjellstyret har arbeidd med i året som har gått, i tillegg til oversiktar over fiskefangst, felte reinsdyr, hjort og ryper o.a. Årsmeldinga ligg på fjellstyret si nettside www.aurland-fjellstyre.no. Der finn ein og meir informasjon om tilboda i statsallmenningane i Aurland.

Aurland, den 5. februar 2024

Erling Nesbø
fjellstyreleiar

Bjørn Ebne

Reidun Bøe Bjørgum

Leif Turlid

Tor Olav Kvam

Harald Skjerdal
(dagleg leiar)

INNHALDSOVERSIKT

1.	FJELLSTYREARBEID OG -SAKER I 2023	side	3
2.	OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING	"	4
3.	FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE	"	6
4.	FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR	"	7
5.	REIN OG REINSJAKT	"	9
6.	ELG- OG HJORTEJAKT	"	10
7.	SMÅVILTJAKT/ROVVILT	"	11
8.	FISKE	"	12
9.	ANLEGGSARBEID I ALLMENNINGEN	"	13
10.	ØKONOMI	"	13

Framsdebilete:

- Aurefangst frå Tissedalsvatnet, foto Geir Johansen

Vedlegg:

- Fangststatistikk fiske, Aurland statsallmenning 2023
- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2023

1. FJELLSTYREMØTE OG -SAKER I 2023

Fjellstyremøte 31. januar

- Sak 1/23. Referat og meldingar
- Sak 2/23. Fjellstyrerekneskapen for 2022
- Sak 3/23. Fjellstyret si årsmelding for 2022
- Sak 4/23. Møteplan 1. halvår

Fjellstyremøte 21. mars

- Sak 5/23. Referat og meldingar
- Sak 6/23. Omfanget av naudsynt kvelds- og helgearbeid for fjelloppsynet
- Sak 7/23. Saker til villreintualet sitt årsmøte 11/4 – fellingskvote, fordeling m.m.
- Sak 8/23. Prisar på jaktkorta for småvilt
- Sak 9/23. Prisar på fellingsløyva for rein
- Sak 10/23. Val av fjellstyret sin medlem til styret for Aurland hjorteutval

Fjellstyremøte 18. april

- Sak 11/23. Referat og meldingar
- Sak 12/23. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusellen
- Sak 13/23. Søknad om tilskot til bokprosjekt

Fjellstyremøte 13. juni

- Sak 14/23. Referat og meldingar
- Sak 15/23. Opplegg for reinsjakta 2023 – samjaktavtalar, ordninga med dagskort, jaktlag og bruken av fellingsløyva på Broksfjellet
- Sak 16/23. Trekking av fellingsløyva for rein
- Sak 17/23. Søknad frå skyttarlaga Blåfjell og Undredal om ei helg hjortejakt som premie i karusellskyting
- Sak 18/23. Søknad frå Aurland skyttarlag om gåvepremie til landsdelskretsstemna i bane- og feltskyting 17.-18. juni
- Sak 19/23. Plan for fiskeutsetjinga i statsallmenningen 2023
- Sak 20/23. Søknad frå to utanbygds garnfiskarar og dispensasjon frå fiskereglane for statsallmenningen
- Sak 21/23. Småviltjakta 2023 – jakttid, tal jaktkort, dagskvote m.m.
- Sak 22/23. Søknad frå DNT Oslo og omegn om løyve til helikoptertransport til Kongshelleren
- Sak 23/23. Utkjøp av VW Caddy ved utgangen av leasingperioden

Fjellstyremøte 15. august

- Sak 24/23. Referat og meldingar
- Sak 25/23. Søknad frå Aurland jakt- og fiskelag om redusert grunnavgift for hjortejakta i Nordheimsdalen, jaktfelt 2
- Sak 26/23. Søknad om refusjon av innbetalt leige for hytta i Håbergsholene grunna ekstremvarsel

Fjellstyremøte 22. november

Sak 27/23. Referat og meldingar

Sak 28/23. Ny 420-kv-leidning gjennom Aurland Nordre statsallmenning -
erstatningsspørsmål

Sak 29/23. Spørsmål frå Statskog SF om fjellstyret vil overta jaktbu ved Svarterandane

Sak 30/23. Sak 30/23. Søknad frå Steinbergdalshytta om felles bruk av snøskuter

Sak 31/23. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2023

Sak 32/23. Val av revisor for fjellstyret

Fjellstyremøte 6. desember

Sak 33/23. Referat og meldingar

Sak 34/23. Fornyng av partnerskapsavtale mellom fjellstyret og skulane i kommunen

Sak 35/23. Sak 35/23. Fjellstyrebudsjettet for 2023

Sak 36/23. Høyring – Kommunedelplan for kulturarv 2024-33

Administrativt handsama 29. desember

Sak 37/23. Søknad om avslag på oppgjer for felt hjort

Andre møte:

Jegermøte før reinsjakta vart halde i midten av august, i samarbeid med grunneigarlaget for villreinvald og Aurland hjorteutval.

Fjellstyret har dette året vore representert i, eller medlem av, følgjande organ:

- Norges fjellstyresamband
- Villreinutvalet for Nordfjella, styret (Erling Nesbø)
- Aurland Setjefisk SA, styret (Sigurd Vikesland)
- Aurland Fiskeadministrasjon, styret (Håkon Øydvin)
- Fjellstyra på Hardangervidda – FH (observatørstatus, Sigurd Vikesland)
- Rådgjevande utval for verdsarvområdet Nærøyfjorden (Harald Skjerdal)
- Hjorteutvalet for Aurland (Håkon Øydvin, sekretær)

2. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING

Desse har i 2023 vore fast tilsette i fjellstyret:


- Håkon Øydvin, 100 % stilling (fjelloppsyn, driftsleiar setjefiskanlegg)
- Knut Fredrik Øi, 100 % stilling (fjelloppsyn, kommunal viltforvaltar)
- Harald Skjerdal 50 % stilling (fjelloppsyn, dagleg leiar)
- Aron Freyr Gudmundsson 80 % stilling (fjelloppsyn, gjetar). Var permittert frå 50 % av stillinga i 3 månader frå mars til juni.

Arbeidstida til fjelloppsynet fordelte seg slik i 2023:

2156 timar refusjonsgjevande arbeid for fjellstyret utgjør 43 % av arbeidstida. I tillegg kjem **128** timar ikkje-tilskotsgevande arbeid (kortsal, fakturering, arbeid utleiehytter m.m.) for fjellstyret. **2716** timar arbeid for andre oppdragsgjevarar utgjør 54 % av arbeidstida. Dette gjev **5000** timar totalt (4665 i 2022).

Timeverka som vart utførde for andre oppdragsgjevarar fordelte seg slik i 2023 (2022-tala i parentes):

Oppdragsgjevar	Arbeidsoppgåver	Timar
Aurland Setjefisk SA	Driftsansvar setjefiskanlegg, stamfiske, fiskeutsetjing	687 (651)
Villreinutvalet for Nordfjella	Sekretærarbeid, teljingar, Jaktoppsyn/oppsynsleiar	504 (512)
Statens Naturoppsyn og verneområdeforvaltinga	Rovviltkontakt, oppsyn, skjøtelsoppdrag	332 (288)
Aurland/Lærdal Kommune	Viltforvalting, GIS-prosjekt	790 (1045)
NINA	Villreinobservasjonar, kjeveinnsamling	32 (96)
Elveeigarlag, grunneigarlag, Aurland hjorteutval, Raudafjell villreinutval	Oppsyn, sekretærarbeid m.m.	156 (99)
Andre (Mattilsynet, norsk Villreinsenter sør, Østfold Energi)	Prøvetaking, skuleopplegg og prøvefiske	215 (113)
	Samla tenestetal:	2716 (2805)



Figuren over syner fordelinga av fjelloppsynet si arbeidstid i 2023.

Oppsynskontrollar og -reaksjonar 2023:

Tal kontrollerte		Saker oppgjort på staden		Rapporterte saker	
Småviltjakt	1	Småviltjakt	-	Småviltjakt	-
Storviltjakt	11	Storviltjakt	3	Storviltjakt	-
Fiske	29	Fiske	3	Fiske	-
Motorferdsel	13	Motorferdsel	-	Motorferdsel	-
Vernereglar		Vernereglar	-	Vernereglar	-
Anna (bandtvang)		Anna (bandtvang)	-	Anna	-
Sum:	54	Sum	6	Sum	-

3. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE

I samarbeid med Aurland Turlag vart arrangerte fjellstyret isfiskedag i Stemmerdalen ein søndag i slutten av april. Med smått og stort deltok 15 personar denne dagen. I samsvar med partnarskapsavtalen som er inngått mellom fjellstyret og Aurland barne- og ungdomsskule vart det gjennomført fiskedagar for fleire skuleklassar tidleg i haust. Fjellstyret dekte busstransporten for klassane som var med. Det vart søkt om å få dekt deler av kostnaden med tiltaket gjennom tilskot frå Miljødirektoratet, via Norges fjellstyresamband. På desse turane vert det trekt garn, fisken vert teken ut av garna og sløgd av elevane, og steikt på steinhelle over bål. Etter mange år med dette opplegget, som starta som eit tynningsfiske i ein tett fiskebestand, er no kvaliteten og storleiken på fisken i vatnet over terskelen i Stemmerdalen kjempefin.

7. klasse ved ABU var med fjelloppsynet på prøvefiske i Langavatnet. Opplegget omfatta veging og måling av all fisk, og utrekning av K-faktor og skrivning av rapport etter avslutta prøvefiske.

2. klasse ved ABU har lagt ut ein fin rapport om fiskedagen på skulen si heimeside:

<https://abu.skule.no/index.php?artID=6924&navB=139>

Desse klassane var med:

- 30. august: 1-2. klasse ABU. 5 vaksne og 20 ungar. Fekk 9 fisk på 3 garn
- 31. august: 1.-5. klasse Flåm skule. 2 vaksne og 11 ungar. Fekk 3 fisk på 2 garn
- 1. september: 3.-4. klasse ABU. 7 vaksne og 26 ungar. Fekk 4 fisk på 2 garn.
- 1. september 7. klasse ABU, prøvefiske. 3 vaksne og 9 ungar. Fekk 53 fisk på 14 garn.

Til saman 66 elevar og 17 vaksne var med på desse turane.

Fjellfiskekurs

I samarbeid Steinbergdalshytta vart det i august arrangert kurs som omfatta garnfiske og matlaging med utgangspunkt i fangsten. Kunne ha vore større deltaking – kanskje betre annonsering i god tid må til når ein eventuelt prøver på nytt med liknande tiltak.

4. FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR

Fjellstyret har 5 opne hytter som turgåarar, jegerar og fiskarar kan nytta mot å betala ein overnattingspris på kr. 100. Det er gratis bruk av hyttene for born og ungdom under 20 år.

Opne hytter:

- Storebotnhytta (bygd av fjellstyret i 1982, 7 sengeplassar)
- Melahytta (bygd av fjellstyret i 1983, 14 sengeplassar)
- Hellenuthytta (bygd av Oslo Lysverker i 1965, 6 sengeplassar)
- Mellomvasshytta (bygd av fjellstyret i 1985, 6 sengeplassar)
- Berdalsbu (bygd av Oslo Lysverker på 1960-talet, overteken av fjellstyret i 2008, 4 sengeplassar.

Andre hytter:

- Gjetarhytta i Brubotn: Bygd av Oslo Lysverker i 1966, overteken av fjellstyret i 1992. Vert brukt som base for sesongoppsyn/gjetar. Denne hytta er oppgradert noko siste året, med sikte på utleige gjennom Inatur deler av året, t.d. om våren (1. 4.-15.6.), før beitesesongen for sau, og seinhaustes.
- Utleigehytte i Håbergsholene: Opphavelg bygd av Oslo Lysverker, overteken av fjellstyret frå Statnett i 2006. Hytta har 10 sengeplassar, innlagt vatn og straum, og vert utleigd av fjellstyret gjennom iNatur.
- Jaktbua hans Per Veum på Langafonni vart for nokre år sidan overteken av fjellstyret, og står open for brukarar av allmenningen.
- Ei hytte i Norddalsbakkane (tidlegare eigar Paul Tokvam) vart i 2022 overteken av fjellstyret, og vil vera tilgjengeleg for brukarar av allmenningen.
- «Svartabu,» ei jaktbu aust for Svarterandane, vart overteken av fjellstyret hausten 2023, etter at den siste av dei opphavlege eigarane gjekk bort. Denne overtakinga var i tråd med avtale som var skriven på 1980-talet. Det vert oppretta avgiftsfritt feste av Statskog SF, med sikte på at bua skal stå open og tilgjengeleg for brukarar av allmenningen.

To hytter i Nordheimsdalen, Aurland nordre statsallmenning, står opne og kan nyttast av alle, på same vilkår som fjellstyrehyttene elles (kr 100 per overnatting). Allmenningsstyret er eigar av desse to hyttene, men det er inngått ein avtale mellom fjellstyret og allmenningsstyret, som m.a. omfattar bruken av hyttene i dalen.

Bruken av fjellstyrehyttene i 2023 gjekk litt ned frå året før, når ein ser på kva som er innbetalt for overnattingar. Pandemisommaren 2022 var det ekstra stor aktivitet av nordmenn på fjellferie, så 2023 var meir attende til normalen. Gjetarhytta i Brubotn vart utleigd både i påsken og nokre dagar under rypejakta sist haust, så no har me fått testa at utleige via Inatur fungerer bra for denne hytta òg.

Arbeid på fjellstyrehytter og -naust i 2023:

I tillegg til vanlege driftsoppgåver som transport av ved og gass, henting av bos, reinhald, vask av sengeklede o.a. vart følgjande arbeid utført dette året:

Storebotnhytta: Ingen større tiltak.

Mellomvasshytta: Ingen større tiltak. Konstatert råte i underkant av glaskarmar, noko som gjer at det må utførast noko vedlikehald av desse kommande sesong, saman med planlagt skifte av noko kledning.

Hellenuthytta: Ingen større tiltak.

Melahytta: Ytterkledning på sørveggen vart skift og beisa med to strøk.

Berdalsbu: Ingen større tiltak.

Langafonni: Ingen større tiltak.

Gjetarhytta i Brubotn: Ingen større tiltak

Håbergsholene: Ytterdøra gjekk i vranglås, så det måtte borast hol i den for å koma seg inn etter sesongen. Døra må skiftast ut med ei ny før neste sesong.

Nordheimsdalen:

Den nye hengebrua nede ved fjorden vart heva 20 cm på sørsida. Vedhogst til hyttene.

Naust og båtar

Fjellstyret har 12 båtar liggjande ved vatn i allmenningen, til fri bruk i samband med fiske. Alle båtene er utstyrde med årar og redningsvestar. Båten ved Svartavatnet er den som det er mest rift om i den beste fiskesesongen. På finversdagar kan det vera fleire fiskelag som brukar denne. Då er det viktig at båten vert lagd på den faste plassen etter bruk, slik at neste brukar finn han.

Båtene ligg ved følgjande vatn:

- Nedsta Storebotnvatnet (naust og båt)
- Fremsta Melavatnet
- Hellenutvatnet (naust og båt)
- Holmavatnet (naust og båt, båten tilhøyrer Aurland jakt- og fiskelag)
- Langavatnet ved Kongshelleren
- Svartavatnet
- Mell. Mellomvatnet
- Alvsvatnet
- Katlamagasinet
- Nedre Berdalsvatnet
- Nosavatnet (samarbeid med grunneigarane i den privateigde delen av vatnet)
- Vestredalsmagasinet (læst med hengelås, kan lånast etter avtale med oppsynet).

Båten ved Melahytta vart dregen heim på snøføre i april, og ny båt vart frakta inn. Den gamle båten hadde sprukke grunna snøtyngda forrige vinter.

5. REIN OG REINJAKT

Fellingskvoten for Nordfjella vart sett til 80 dyr for jakta 2023, alle for bukk 1,5 år og eldre. Av desse var Aurland statsallmenning tildelt 13. I tillegg kom 4 fellingsløyve for statsallmenningen Broksfjellet, som ligg under Hardangerviddaforvaltinga. Eitt kort gav fjellstyret til jaktkarusellen, til trekning mellom deltakarane. Eitt kort vart sett av som dagskort, som skulle gå vidare til den neste på lista viss det ikkje vart felling, heilt til det var felt dyr på kortet. Det vart 123 innanbygds søkjarar på reinskorta, ein liten nedgang frå året før (131).

Sjølv med det låge tal på fellingsløyve, syner det seg å vera vanskelegare enn før å få korta inn att frå jegerane etter jakta. 10 dagar etter jaktstutt var berre halvparten av korta innleverte til fjellstyret. Dette kan ha samband med kravet om fellingsrapportering på nett til hjorteviltregisteret. Når den rapporteringa er gjort, trur nokre at ein er ferdig med jobben, og gløymer å levera kortet med utfylte opplysningar. Kanskje må fjellstyret vurdere å innføra ei ordning med depositum, som først vert betalt attende når kortet er levert.

Jakta

Det var ein bukkeflokk i Tarven-området ved jaktstart, men vart felt lite av denne. Flokken slo seg truleg saman med fostringsflokkane tidleg i jakta. Desse heldt seg mykje i grenseområda mellom Ulvik og Aurland, med nokre turar inn på Hol. Mykje dårleg ver, regn og skodde, får ta noko av skulda for den låge fellingsprosenten på allmenningsskorta.

Fellingsresultatet for Aurland statsallmenning, totalt for Aurland og for heile Nordfjella villreinområde jakta 2023:

	Aurland statsallm.	Aurland totalt	Nordfjella
<i>Vaksen bukk</i>	4	15	36
<i>Bukk 1 ½ år</i>	-	1	2
<i>Bukkekalv</i>	-	-	-
<i>Vaksen simle</i>	-	-	3
<i>Simle 1 ½ år</i>	-	-	1
<i>Simlekalv</i>	-	2	2
Felt i alt	4	18	44
<i>Tildelt kvote</i>	13	28	80
<i>Fellingsprosent</i>	30,8 %	64,3 %	55,0 %

6. ELG- OG HJORTEJAKT

Det kjem framleis føringar frå Miljødirektoratet om at uttaket av hjort og elg i kommunane kring Nordfjella villreinområde bør haldast høgt; bestanden skal ned på kring det halve av 2016-nivået. Dette vert følgt opp lokalt, m.a. gjennom store fellingskvotar, lang jakttid og fri felling av kalv. Tilbod om gratis utflyging av felte dyr har i fleire år vore ein del av dette biletet, men det tilbodet stod ikkje lenger ved lag for jakta 2023. Valda kunne likevel nytta seg av organisert utflyging med noko subsidiert pris gjennom tilskot frå hjorteutvalet.

I Aurland nordre statsallmenning (Nordheimsdalen) har fjellstyret delt opp hjortevaldet i to jaktfelt – eit øvre og eit nedre. Det øvre feltet, over 600 m.o.h. har vore utleigd gjennom Aurland jakt- og fiskelag for ein 4-årsperiode (2020-23). Det nedre feltet vert utlyst for 2 og 2 år, primært til utanbygds jaktlag. Begge desse avtalane gjekk ut hausten 2023, og nye avtalar må gjerast før jakta 2024. Jaktperioden leigetakarane har hatt avtale om er fram til utgangen av oktober. Frå 1. november og ut jakta (for tida ut januar), sel fjellstyret dagskort for jakt på hjort (og elg, dersom det er att løyve etter leigeperioden til AJF).

16 jegerar søkte på ordninga med dagskort. Etter trekning og tildeling av jakt dagar, var det 7 av desse som nytta seg av tilbodet, og til saman 30 jegerar som deltok i jaktlaga.

Fjellstyret tillet jakt på kalv og ungdyr i allmenningen ut januar månad, i tråd med den jakttida som er fastsett for kommunen.

Med 23 felte dyr vart fellingsresultatet for hjort i Aurland nordre statsallmenning i 2023 det høgste som fjellstyret har registrert nokon gong. Fellinga fordeler seg rimeleg bra på alle dyrekategoriar, med overvekt av ungdyr og kalv. Flest dyr vart felt av jaktlaget til Aurland jakt- og fiskelag, som fekk skote 16 dyr i det øvre jaktfeltet tidleg på hausten. Laget felte og ei elgku med kalv. Resten av fellinga var det dei som kjøpte dagskort for helgar eller einskilddagar som stod for seinare på hausten, og lågare i terrenget.

Felling av hjort, Nordheimsdalen 2023

	Aurland Jakt og fiskelag (øvre felt)	Utanbygds jaktlag (nedre felt)	Felt på dagskort	Felt på kort selde til andre felt	Til saman
Bukkekalv	2	-	2	-	4
Kollekalv	1	-	2	-	3
Spissbukk	5	-	-	-	5
Ungkolle	2	-	-	-	2
Kolle	1	-	2	-	3
Bukk	5	-	1	-	6
Til saman	16	0	6	0	23

7. SMÅVILT OG ROVVILT

Fjellopsynet sine rypeobservasjonar gjennom sommaren synta at det var få kull å sjå, men trass alt vart det meldt om nokre større kull. Fjellstyret valde å halda på jaktstart 25. september, som åra før. Dagskvoten vart sett til 2 ryper per jeger. Ein heldt og på ordninga med å leggja eit avgrensa tal jaktkort (75 stk) ut for sal på Inatur, med start i kortsalet 1. september, i tillegg til 10 dagskort i oktober. Det var som vanleg stor interesse for å få tak i jaktkort - dei fleste korta var selde den første dagen det var opna for sal. I tillegg vart nokre kort (25 stk) lagde ut for sal til gjester på Steinbergdalshytta, etter søknad frå eigaren av hytta. Jaktkort for innanbygdsbuande jegerar er å få kjøpt på fjellstyrekontoret, utan avgrensing i tal. Berre eit fåtal innanbygdsbuande kjøper jaktkort for småviltjakt.

Fordelinga av selde jaktkort for småvilt i 2023 og dei sju føregåande åra:

	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
1 dag	36	37	24	26	25	29	27	20
2 dagar	30	44	36	28	25	27	25	20
3 dagar	25	27	19	20	20	20	20	20
1 veke	10	10	10	10	10	10	10	10
Sesong	11	15	13	12	13	14	13	12
Sum:	112	133	102	96	93	100	95	82

Innkome rapportar frå jegerane viser følgjande innrapporterte jaktinnsats og felling av småvilt i 2023 og dei sju føregåande åra:

	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Tal rapportar	97	78	66	82	82	76	76	74
% levert rapp.	86,6	59,1	51,5	69,5	88,2	76,0	80,0	84,0
Tal jakt dagar	246	85	150	199	189	200	198	180
Felte ryper/dag	0,34	0,47	0,55	0,26	0,40	0,59	0,47	0,34
Felt vilt:								
Fjellrype	70	32	70	40	53	84	79	52
Lirype	14	8	12	11	25	34	14	9
Hare	4	4	1	1	1	1	-	3
Mår	-	-	-	2	-	-	-	1
Raudrev	1	1	1	1	3	10	2	-
Røyskatt	-	1	1	3	1	6	2	3
Ramn	-	-	2	1	-	2	1	3
Kråke	-	-	1	4	-	3	1	3

I tillegg vart det selt 42 jaktkort på Inatur for området Myrdalen/Broksfjellet, som er eit jaktfeltsamarbeid mellom fjellstyret og Myrdalen sameige. For dette området er det ikkje sett noko avgrensing i tal kort som vert selde gjennom Inatur, slik tilfellet er for statsallmenningen elles.

Freda rovvilt og smårovvilt

Det var ingen meldingar om skade på husdyr grunna freda rovvilt i Aurland kommune i 2023, i følgje opplysningar frå Statens naturoppsyn. Trass i at det var lite småvilt å sjå, såg oppsynet ein del rovfugl i fjellet; fjellvåk, tårnfalk og kongeørn. Truleg hadde fleire rovfuglartar vellukka hekking. Ei skadd kongeørn vart avliva av ein småviltjeger i Håbergsholene. Truleg var kollisjon med kraftlinja årsak til skaden.

Fjellstyret tilbyr eit sesongkort for jakt på smårovvilt (rev, mår, ramn, kråke m.fl.), og sel årleg 4-5 slike kort til utanbygds jegerar. Det vart knapt innmeldt felling på desse korta i 2023. Det tyder på at 2023 var eit år med lite smårovvilt, noko som stemmer bra med inntrykket av at det var eit dårleg år for småviltet.

8. FISKE

Isen reiste forholdsvis tidleg på fjellvatna denne sommaren. Frå midten av juli kunne det fiskast med garn i mange vatn. På garn vart det fiska 1578 kg (3735fisk), fordelt på 21 vatn i allmenningen. 82 fiskarar har meldt inn fangst. Nyhellermagasinet ligg øvst på fangststatistikken, med 525,6 kg fordelt på 920 garnfanga fiskar. Andre vatn med bra garnfiske var Svartavatnet med 247 kg og Stora Vargevatnet med 222 kg på garn. Også reguleringsmagasina Langavatn/Adamsvatn og Katlamagasinet hadde godt over 100 kg oppfiska kvantum. Fleire av dei største fiskane denne sesongen vart tekne på stong. Største fisken vog 1,3 kg og vart teken på garn i Nyhellermagasinet. Til saman 401 kg (955 fiskar) er innmeldt av sportsfiskarar. Desse har ikkje pålegg om å melda inn fangst – berre ei sterk oppmoding frå fjellstyret om å melda inn. Stongfisket fordelte seg på 51 vatn i Aurland statsallmenning.

Denne sesongen var det ein markert auke i talet på utanbygdsbuande fiskarar som kjøpte garnkort (17). Dette oppveg noko av fråfallet som ein har sett av innanbygdsbuande som driv med dette.

Tal frå fangststatistikken for 2023:

<i>Selde garnkort:</i>	99	
<i>Innlevert rapport:</i>	95 (95 %)	
<i>Tal garnnetter:</i>	1529	
<i>Tal fisk:</i>	4690	(av dette 955 på stong/oter)
<i>Kg. fisk</i>	1978 kg	(" " 401 kg på stong/oter)
<i>Største fisk:</i>	1,3 kg	(I Nyhellermagasinet)
<i>Fiskeinnsats pr. fiskar</i>	18 garnnetter	
<i>Sesongfangst pr. fiskar</i>	18,6 kg	(gjennomsnitt for dei som fiska med garn)
<i>Fangst pr. garnnatt:</i>	1,0 kg	(2,5 fisk)
<i>Gjennomsnittstorleik:</i>	0,42 kg	

Prøvefiske

Fjelloppsynet hadde, saman med 7 kl. på ABU, prøvefiske i Langavatn/Adamsvatn sist haust. Fangsten vart 52 fiskar på 14 garn. Desse hadde gjennomsnittleg k-faktor på 0,92. Dette er brukande kvalitet, sjølv om det var på grensa til mager fisk. Fisken hadde lys raud kjøtfarge. Største fisk var 33 cm og 316 gram. Prøvefisket syner at det trengst eit hardare fiske for å auka gjennomsnittstorleiken på fisken i dette regulerte vatnet.

Ei gruppe frå Sogn jord- og hagebruksskule prøvefiska Vargebotnvatnet. Fangsten vart 53 fisk på 8 prøvegarn. Gjennomsnittleg K-faktor 0,99, d.v.s. normalt feit fisk. Største fisk var 35 cm og 450 gram. Kjøtfarge lys raud eller raud på dei større fiskane. Det vart funne parasittar i ein del av fiskane.

Ei anna gruppe frå SJH prøvefiska Vetlebotnvatnet. Her vart fangsten 39 fisk på 8 garn, Største fisk 39 cm og 595 gram. Gjennomsnittleg K-faktor 1,00, d.v.s. normalt feit fisk. Kjøtfargen var lys raud til raud på dei større fiskane.

Fiskeutsetjing

Fjellstyret sette ut **5500** sommargamle setjefisk i vatn i statsallmenningen sommaren 2023, alt kjøpt frå anlegget til Aurland Setjefisk SA. Utsetjinga vart dels gjort på dugnad, dels ved at fjelloppsynet tok nokre av utsetjingane. I tillegg til fjellstyret si utsetjing i uregulerte vatn, har Hafslund Eco ansvar for fiskeutsetjing i dei regulerte vatna, i samsvar med utsetjingspålegg.

9. ANLEGG SARBEID I ALLMENNINGEN

Rehabilitering av kraftverksdammar

Det føregjekk ikkje utbetningsarbeid på damanlegg innanfor statsallmenningen i 2023. Det var difor ikkje noko problem med stengde anleggsvegar til fiskevatn eller hytter denne sesongen.

Kraftliner

Statnett har fått konsesjon for bygging av ny 400 kV kraftline mellom Vassbygdi og Sogndal, og starta opp arbeidet med linjebygginga i 2023. Det er for tida forhandlingar mellom Statnett, grunneigarar, Statskog og fjellstyret om erstatningar for ulemper og grunn. Dersom det ikkje vert semje, vert desse fastsette gjennom rettsleg skjønn.

10. ØKONOMI

Fjellstyrerekneskapan for 2023 syner at samla inntekter (medrekna renteinntekter) vart kr **3.458.742** og samla kostnader kr **3.506.880**. Dette gav eit årsunderskot på kr **48.138**. Styret meiner at den framlagde årsrekneskapan viser eit rett bilete over egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkår om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan

FISKESTATISTIKK AURLAND STATSALLMENNING 2023

Vatn	Tal garn	Tal fisk	Kg fisk	Største fisk
Berdalsvatn nedre	15	48	14,8	0,42
Dyranosvatnet øvste	11	19	8,42	0,52
Holmavatnet	49	91	46,3	0,88
Høganosvatn	2	0		
Katlavatnet	73	405	130,35	0,46
Kjeldshusnosvatnet fremsta	11	47	24,5	0,79
Kjeldshusnosvatnet heimsta	16	77	37,5	0,9
Langavatn/ Adamsvatn	103	519	152,9	0,7
Langavatn/ Vestafornuten	5	7	4	0,8
Melavatnet fremsta	10	54	29	1
Mellomvatn mellomste	36	141	62,3	0,76
Nordalsvatnet	17	71	29,5	0,9
Nyhellermagasinet	495	920	525,6	1,3
Stemmerdalen o/ terskel	8	16	6,4	0,6
Svartavatnet	189	605	246,8	0,81
Tissedalsvatn	13	30	9,9	0,9
Toddyvatnet	3	6	2	0,4
Vargevatn Store	404	566	222	0,58
Vestredalsvatnet	42	34	10,45	0,5
Vetlebotnvatnet	14	16	6,6	0,63
Vargebotnvatnet	13	63	9,1	0,6
	1529	3735	1578,42	

Oppsummering:

Fangstrapportar:	82
Ikkje fiska:	13
Ikkje sendt melding:	4
Utskrivne kort:	99
Sendt fangstrapport:	96,00 %
Skrive ut 17 garnkort til utanbygds	

Gjennomsnittleg innsats (av 81 som har fiska) 18,6 garnnetter.

Sesongfangst pr. fiskar : 45,5 fisk, eller 19,2 kg fisk.

Fangst pr. garnnatt: 2,5 fisk eller 1 kg fisk

Gjennomsnittstorleik 0,42 kg.

Garnfisket har vore fordelt på 21 vatn i statsallmenningen

Sportsfiske

Vatn	Tal garn	Tal fisk	Kg fisk	Største fisk
Berdalsvatn nedre	Sport	12	3,6	0,35
Berdalsvatn øvsta	Sport	1	0,6	0,6
Brubotn elva	Sport	3	0,97	0,37
Bukkaholmvatnet	Sport	20	8,2	0,7
Dyranosvatn øvsta	Sport	3	1,1	0,5
Eitrevotni Storskavlen	Sport	9	2,5	0,31

Grodalsstrupevatn	Sport	6	2	
Grovjuvvatnet nedste	Sport	8	2,4	0,34
Grønao elva	Sport	2	1	0,8
Grønebergvatnet	Sport	22	6,6	0,35
Grønebotnvatnet øvre	Sport	1	0,6	0,6
Holmavatn høl nedstrøms	Sport	3	2,1	1,1
Holmavatn småvatn austom	Sport	3	1,5	0,5
Holmavatnet	Sport	29	13,1	0,9
Høganosvatn	Sport	2	0,7	0,35
Katlatvatnet	Sport	13	3,24	0,3
Kjeldhusnosvatn heimsta	Sport	107	56,53	0,8
Kjeldhusnosvatnet fremsta	Sport	10	5,18	0,68
Kreklevatn	Sport	144	65,45	0,66
Langavatn Holene	Sport	4	0,8	0,25
Langavatn Kongshelleren	Sport	3	1,7	0,8
Langavatn/ Adamsvatn	Sport	136	38,9	0,5
Langavatn/ Vestafornuten	Sport	6	2,9	0,5
Ljosegrunnseggvatnet	Sport	7	4,3	0,9
Ljosegrunnsvatn stora	Sport	10	4,7	0,6
Ljosegrunnsvatn vetla	Sport	3	1,4	
Melavatn fremste	Sport	9	4,7	0,6
Melavatn heimste	Sport	11	4,15	0,35
Mellomvatn mellomste	Sport	7	2,8	
Mellomvatn nedsta	Sport	18	9,76	0,59
Mellomvatn tilløp	Sport	9	3,6	
Navnlausa elvi	Sport	5	4	
Nordalsvatnet	Sport	141	59,9	0,8
Nyhellervatn	Sport	47	22,9	0,92
Pauldalen nedsta	Sport	5	1,75	0,43
Rustatjødnane	Sport	5	2,8	0,8
Rynjulsvatn	Sport	8	3,5	0,5
Skavlaklørne	Sport	7	3	0,9
Sleipåvatn mellomste	Sport	9	3,6	
Sleipåvatn småvatn	Sport	3	1,2	
Sleipåvatn øvsta	Sport	5	2	
Stemmerdalen o/ terskel	Sport	18	3	0,7
Storshovden	Sport	2	0,85	
Strupavatnet	Sport	1	0,4	0,4
Svartavatnet	Sport	3	1,32	0,5
Tissedalsvatn	Sport	15	7,5	1,1
Toddyvatnet	Sport	15	5,75	0,5
Vargevatn småvatn	Sport	2	0,45	0,25
Vargevatn store	Sport	1	0,24	0,24
Vestredalsvatnet	Sport	8	2,3	0,7
Vetlamelavatnet	Sport	34	17,8	0,8
		955	401,34	

Aurland januar 2024

Håkon Øydvin
Fjelloppsyn Aurland fjellstyre

FISKEUTSETJINGA I AURLAND STATSALLMENNING 2023

Vatn	m.o.h.	Areal hektar	Sist utsett	Framlegg	Utsetjar
Norrdalsvatnet	1408	115	2021	600	Knut Helge og Christian Kjærvik
Rustatjørnane 3 stk.	1440	5	2019	150	Øyvind Øyum
Heimsta Melavatnet	1438	25	2021	200	Steinar Tønnesen
Fremsta Melavatnet	1448	35	2021	300	Steinar Tønnesen
Ljosegrunnsstrupen	1460	10	2019	150	Kjetil Lien Nilsen
Grånosvatnet	1446	18	2020	200	Kjetil Lien Nilsen
Hellenutvatnet	1409	68	2020	400	Arne Inge Øyum
Svarthovdvatnet	1449	35	2020	300	Odd Lirhus
Grønebotnvatnet, øvsta	1499	7	2018	100	Harald Skjerdal
Langavatnet Kongsheller	1446	120	2020	400	Merete Rein
Stemmerdalshalli, 4 nedre	1410-40	10	2019	200	Harald Skjerdal
Vetlebotnvatnet	1025	77	2017	1000	Håkon Øydvin
Sum Austfjelli				4000	
Oksabotn, 3 småvatn	1367-87	4	2018	100	Knut Fredrik Øi
Høganosvotni 2-3 øvre	1400	10	2020	150	Knut Fredrik Øi
Langavatnet 1393	1393	17	2020	200	Arne Veum
Vargevatn 1519 m.o.h.	1519	10	?	200	Bjørn Ebne
Vetla Vargevatnet	1474	81	2020	400	Erling Nesbø
Kreklefjellet småvatn	1463-80	20	2019	250	Håkon Øydvin
Eitrefjell småvatn				200	Erlend Øydvin
Sum Vestfjelli				1500	
Totalt				5.500	